

# REGLEMENT FOR JØSNESET BYGDARÅD

*Vedtatt ved årsmøtet mars 2022*

1. Jøsneset Bygdaråd er eit upolitisk organ, og har som føremål å fremja og ivareta allmenne interesser gjennom samarbeid innad i krinsen og med andre private og offentlege organ.

Arbeidet skal ha som siktemål å betra tilhøva for busetnad, næringsliv, sosiale- og kulturelle aktivitetar m.v. for dei busette i krinsen.

2. Jøsneset Bygdaråd består av eit styre på fem personar valde av årsmøtet for to år. Styret bør bestå av minst to av kvart kjønn. Ein må vere 18 år for å kunne bli vald inn. To varamedlemmer skal veljast av årsmøtet for eit år om gongen.

Styret vel sjølv sekretær og kasserar for eit år om gongen.

3. Årsmøtet er høgast myndigheit.

Årsmøtet består av busette på Jøsneset som er innmelde i folkeregisteret i Hjelmeland kommune, kor alle over 15 år har røysterett.

4. Årsmøtet skal kallast inn kvart år innan 1. mars med 14 dagars varsel.

- Styret kallar inn til årsmøte.
- Saker som ynskjes handsama av årsmøtet må vere styret i hende 7 dagar før møtet.
- Årsmøtet skal godkjenna innkalling og sakliste.
- Styret skal leggje fram årsmelding, rekneskap og budsjett på årsmøtet<sup>1</sup>
- Styret handsamar innkomne saker til årsmøtet og legg desse fram/refererer desse for årsmøtet
- Årsmøtet vel valkomite på 3 personar som legg fram innstilling til val på nye medlem til styret og eit nytt medlem til valnemda. Innstilte personar skal på førehand vere førespurte. Medlemmene i valnemda blir valde for 3 år slik at eitt medlem er på val kvart år.
- Leiar for bygdarådet skal veljast av årsmøtet for eitt år om gangen, men leiaren kan veljast att for nye år.
- Årsmøtet vel revisor for 2 år om gangen
- Årsmøte for Jøsneset bygdaråd skal haldast i samband med årsmøte for Bedehuset
- Valnemda skal òg foreslå nye medlemmer til Bedehusstyret
- Årsmøtet avgjer med simpelt fleirtal om andre enn fast busette, med tilknytning til bygda, kan få talerett under årsmøtesaker.

5. Ingen kan samanhengande vere styremedlem i meir enn tre periodar (dvs 6 år).

6. Saker som handsamast av styret:

- Styret handsamar saker som busette på Jøsneset måtte føreleggja.
- Styret handsamar saker som det offentlege måtte ynskja uttale til.
- Styret tek sjølv opp saker som vedkjem Jøsneset, og som det måtte vera ynskjeleg å ta standpunkt til.
- Styret kan avvise saker som det, etter styret si vurdering, ikkje oppfyller krava til allmenn interesse.

7. Allmannamøte og ekstraordinære årsmøter

- Styret kallar inn til allmannamøte når saker vert vurdert å vera av stor interesser for bygda.
- Allmannamøte skal og innkallast til når minst 10 busette på Jøsneset set fram slikt krav ovanfor styret, eller når minst to av styremedlemmene krev det.
- Allmannamøte kan ikkje gjere vedtak som strir mot Årsmøtevedtak.
- Styret kan ikkje gjera noko vedtak som strir mot vedtak på årsmøte eller allmannamøte. Dersom styret finn slikt vedtak naudsynt, innkallast det til ekstraordinært årsmøte med minst tre dagars varsel, vedlagd sakliste.

8. Leiaren i styret har dobbelrøyst ved røystelikheter.

9. Styremøta er i utgangspunktet lukka, men styret har høve til å innkalla impliserte partar for å få best mogleg kjennskap til dei enkelte sakene.

10. Varamedlemmene kan kallast inn når styret har styremøte. Dei har ikkje møteplikt og heller ikkje røysterett.

11. Saklister og vedtaksprotokollar frå årsmøte, allmannamøte og styremøte skal kunngjerast ved oppslag på høveleg plass.

- Interesserte kan få innsyn i saksdokument etter avtale med leiaren i styret.
- Styret avgjer når dokument er konfidensielle, slike skal ikkje kunngjerast.
- Taushetsplikt gjeld for dei som deltek i handsaming av konfidensielle saker i lukka møte.

12. Er ein av medlemma i styret inhabil i ei sak, skal vedkommande gå ut og 1. varamedlem går inn i handsaminga av den saka. Inhabil er ein om det vert teke opp ei sak der ein sjølv er part i, eller nokon i den næraste familien. Særeigne forhold som ein ikkje er i direkte partsforhold til, kan og føre til inhabilitet.

13. Styret bør kunne ta initiativ til tilstellingar for bygda.

14. Styret gjer dei tiltak det måtte finna naturleg for å skaffe naudsynte midler til drifta, t.d. ved søknad til kommunen, utlodningar mm.

15. Jøsneset Bygdaråd kan berre oppløysast ved 2/3 fleirtal på 2. årsmøte, ordinære eller ekstraordinære. Inntil slikt vedtak er gjort, er styret ansvarleg for at Jøsneset Bygdaråd vert styrt etter reglementet.
16. Endringar i dette reglementet kan berre gjerast på ordinære eller ekstraordinære årsmøte med 2/3 fleirtal.
17. Jøsneset Bygdaråd har ansvar for drift av bygga ved Grendasenteret, samt uteområda der, i tråd med kommunal avtale.

<sup>1</sup> *Rekneskap for Jøsneset bygdaråd skal vera godkjend og signert av revisor før det blir lagt fram for årsmøtet. (jf endring årsmøtet 18022014).*

*Bygdarådet sin kasserar disponerer konto for 17. mai-komiteen. Utlegg som medlemmar av komiteen har hatt i forbindelse med arrangement blir refunderte mot kvittering. Større utgifter til desse arrangementa kan fakturerast Bygdarådet . Etter ferdig arbeid skal komiteane levara møtebok og andre dokument til Bygdarådet sin kasserar. Komiteane skal her leggja ved oversikt over utgifter/inntekter i forbindelse med arrangementa, samt forslag til evt naudsynte investeringar. Bygdarådet sin kasserar skal signera når dette er gjennomlese. Rekneskap for kontoane kal leggjast fram på Bygdarådet sitt årsmøte (jf forslag til endring årsmøtet 28.02.11)*